

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.30 Til kl. 21.00
Aurland	Fjellstyret	Fjordsenteret	26.4.22	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Sigurd Vikesland, Erling Nesbø, May Britt Martinsen, Tor Olav Kvam, Leif Turlid

Vara-medlemar Ingen

Andre Knut Fredrik Øi, Håkon Øydvin, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år
12/22, 13/22, 14/22, 15/22, 16/22, 17/22.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til
Fjellstyremedlemene og -varamedlemene.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 26.4.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 12/22. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker låg føre:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 17. mars.
- 2) Brev frå Norges fjellstyresamband 18. mars: Tilsegn om tilskot til rekrutteringstiltak jakt og hausting.
- 3) Brev frå Statskog SF til Steinbergdalshytta 23. mars, om plassering av hytte for tilsette.
- 4) E-post frå NVE 31. mars: Godkjenning av MTA for 420 kV Sogndal – Aurland.
- 5) Brev frå Statskog SF 5. april: Tilsagn om tilskudd til fjellstyrenes oppsyn i statsallmenninger 2022.
- 6) Møtebok frå villreinutvalet sitt årsmøte den 5. april. Kvotevedtak og vedtak om reetablering av rein i sone 1.
- 7) E-post frå Terje Terum 9. april: Tankar om dagskort på reinsjakta.
- 8) E-post frå Veterinærinstituttet 20. april: Oppdatert «friskmeldingsmodell» for reinsstamma i sone 2.
- 9) Villreinnemnda for Nordfjella, Fjellheimen og Raudafjell – vedtak om fellingskvote for 2022
- 10) Førebels søkjarliste for hjortejakt i jaktfelt 1, Nordheimsdalen.
- 11) Orientering om brubygging i Nordheimsdalen
- 12) Orientering frå møte med NFS, region Hardangervidda ++ i Eidfjord den 1. april, v/Sigurd Vikesland
- 13) Harald tok opp spørsmålet om ikkje fjellstyret bør drøfta tiltak for å rekruttera nye garnfiskarar i statsallmenningen, etter kvart som mange i den eldre garde av fiskarar legg inn årane. Fjellstyret var samd i dette, og ei sak med dette som tema vert lagd fram i fjellstyremøtet i juni.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 26.4.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 13/22. Høyring: Revidering av kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag i Aurland kommune

Høyringsbrev frå kommunen låg føre, saman med saksutgreiing.

Samrøystes vedteken uttale:

Aurland fjellstyre har følgjande merknader til utkast av 12.1.22 til kommunale retningslinjer for motorferdsle i utmark og på islagde vassdrag:

- Der ein tidlegare berre kunne få tildelt dispensasjon for maks 4 veker i slengen, kan det etter nytt regelverk gjevast løyve for heile skutersesongen, 1. desember – 30. april. Dette har truleg mest med det administrative arbeidet å gjera – ein unngår at same søkjar kjem att med fleire søknader i løpet av vinteren. Så lenge talet på gjevne dispensasjonar/ turar vert uendra, vil ein slik ny praksis truleg ha lite å bety når det gjeld samla omfang av køyring.
- Utgangen av april er framleis føreslege som siste frist for køyring med kommunalt gjeven dispensasjon. Dette er i tråd med ein lang praksis, som kommunane i Nordfjellaområdet vart samde om i etterkant av arbeidet med ein felles kommunedelplan for villrein, vedteken i alle dei 6 kommunane i 1997-98. Datoen er fastsett ut frå omsynet til kalvingstida for rein. Det ville ha vore særskild uheldig dersom Aurland kommune skulle ha gått inn på ein ny praksis, i strid med den som har vore felles og innarbeidd i Nordfjellakommunane gjennom mange år, og i strid med villreininteresser og andre naturomsyn. Det ligg og i det same punktet i retningslinjene at ein går inn for å vidareføra avgrensinga på køyring nokre av påskedagane. Dette er og ein godt innarbeidd praksis som fjellstyret ikkje har noko problem å slutta seg til.

Aurland, den 27.4.22

Utskrift til: Fjellstyremedlemene og
-varamedlemene,
Aurland kommune

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 26.4.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 14/22. Søknad frå Steinbergdalshytta om å få selja småviltkort for statsallmenningen jakta 2022

Saksutgreiing vedlagt søknad låg føre.

Samrøystes vedtak:

Steinbergdalshytta v/Solveig Kvakestad får disponera følgjande småviltjakkort for sal til gjester på hytta hausten 2022:

- 5 dagskort
- 10 todagarskort
- 10 tredagarskort

Prisen som desse jaktkorta vert selde for må vera lik den kortprisen som er vedteken av fjellstyret. Oppgjer for korta skjer etter sesongen. Det vert ikkje gjeve provisjon av kortsalet. Innehavaren av hytta har ansvar for å sjå til at dei som kjøper jaktkort kan dokumentera at jegeravgifta er betalt, og at dei oppfyller kravet om busetjing i Noreg som gjeld for jakt på statsallmenning, jfr § 23 i Fjellova.

Sak 15/22. Styregodtgjersle for fjellstyremedlemane

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Aurland fjellstyre gjer i samsvar med § 7 i Fjellova framlegg om at følgjande styregodtgjersler vert gjort gjeldande for fjellstyremedlemane og -varamedlemane for 2022 og -23:

Fast, årleg godtgjersle til fjellstyreleiar kr 16.000

Fast, årleg godtgjersle til fjellstyremedlem kr 10.000

Møtegodtgjersle til varamedlem, per møte: kr 800

Møtegodtgjersle når fjellstyremedlem møter
for fjellstyret i andre møte, per møte: kr 500

Dekking av tapt arbeidsforteneste og anna utgiftsdekking for fjellstyremedlemar vert den same som for andre folkevalde i kommunen.

Aurland, den 27.4.22

Utskrift til: Fjellstyremedlemane og
-varamedlemane,
Aurland kommune,
Steinbergdalshytta

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 26.4.22

Stad: Fjordsenteret

Sak 16/22. Vurdering av skatteplikt for fjellstyre

Saksutgreiing låg føre, vedlagt brev frå fjellstyret sin revisor og e-post frå Norges fjellstyresamband.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret hentar inn tilbod frå skatteadvokat for å få vurdert ev skatteplikt av aktiviteten med utleige av arbeidskraft. Dersom NFS dekkjer kostnaden med dette, vert oppdraget gjeve. Viss det fører med seg ein kostnad for fjellstyret, må saka opp att i nytt møte før ein engasjerer advokat til å vurdera spørsmålet.

Sak 17/22. Søknad om fellingsløyve til jaktkarusell

Saksutgreiing vedlagt søknad frå Aurland og Stålring skyttarlag låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret gjev eit fellingsløyve for kalv til jaktkarusellen som skyttarlaga Stålring og Aurland gjennomfører våren 2022. Oppmodinga i søknaden om å stilla med mannskap til å hjelpa til med gjennomføringa lyt fjellstyret diverre avslå.